

**TYSNES KOMMUNE**

Helse- og sosialkontoret

Rådhuset

5685 UGGDAL

Telefon 53 43 70 60

Telefaks 53 43 70 11

Arbeids- og sosialdepartementet	
Saksnr.: 200503121	Dok.nr.: 14
Arkivkode: 416.0	Dato: 17.10.05
Avd.: DRÅD /SAP	Saksbeh.:
U.off.:	

Det kongelige arbeids- og sosialdepartement
Postboks 8019 Dep.

0030 OSLO

UGGDAL, 14.10.2005

Saksnr.
05/00531

Dok.nr.
006920/05

Arkivkode
000

Avd/Sek/Saksh
HS/FEL/EISA/bhl

Dykkar ref.

MERKNADER FRÅ TYSNES KOMMUNE - HØYRINGSFORSLAG TIL NY LOV OM ARBEIDS- OG VELFERDSFORVALTNINGEN OG TILPASSINGER I VISSE ANDRE LOVER

Høyringsforslaget blei 11.10.05 handsama i kommunestyret i Tysnes. Det blei gjort slik vedtak:


Tysnes kommune ser positivt på etablering av ei ny arbeids- og velferdsforvaltning (NAV) og at reforma vert forankra i ei ny lov om arbeids- og velferdsforvaltning og tilpassinger i visse andre lover.

For å få ei samordna leiing av den statlege arbeids- og velferdsetaten og den kommunale økonomisk sosialhjelpa, bør det vurderast om sosialhjelp som minsteyting / garantiinntekt også skal verta ei statleg oppgåve.

Det er viktig at § 8 Arbeids- og velferdskontor med samlokalisering av arbeids- og velferdsetaten og kommunen sine oppgåver etter kap. 5 i sosialtenestelova vert følgd opp med statlege løyvingar til finansiering av slik samlokalisering.

Tysnes kommune føreset at NAV-reforma ikkje fører til reduserte tenester for innbyggjarane i Tysnes gjennom ei regionalisering av heile eller deler av tenestetilbodet.

Det vert sett ned eit administrativt/politisk sektorovergripande utval i Tysnes for å fylgja med i og koma med innspel til prosessen vidare.


Audun Hovland
rådmann

Med helsing
Tysnes kommune


Einar Aslaksen
helse- og sosialsjef